



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 14.12.2017  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 16:00

Orientering om Nordhordland biosfære ved Kari Natland og Jarle Skeidsvoll klokka 0900  
Planleggjar Øystein Skofteland frå Norconsult vil vere med på orientering om sak om regulering av nytt bustadområde klokka 1000  
Orientering om revidert skisseprosjekt ved arkitektfirma HRTB klokka 1300 - 1430

| Frammøtte medlemmer     | Parti | Rolle        | Merknad |
|-------------------------|-------|--------------|---------|
| Tom Kristian Thorsen    | SO    | Ordførar     |         |
| Linda Neset             | SO    | Medlem       |         |
| Ann-Jorunn Farestveit   | SO    | Medlem       |         |
| Håvard Engeseth         | SO    | Medlem       |         |
| Sigmund Vikane          | SO    | Medlem       |         |
| Robert Helland          | SO    | Medlem       |         |
| Kristin Nåmdal          | SA    | Varaordførar |         |
| Liv Anne Aanesen        | SA    | Medlem       |         |
| Kjetil Eikefet          | SA    | Medlem       |         |
| Svanhild Moberg Nordaas | SA    | Medlem       |         |
| Roger Wilhelm Fure      | SA    | Medlem       |         |
| Anne Britt Almelid      | SA    | Medlem       |         |

| <b>Forfall meldt frå medlem:</b> | <b>Parti</b> | <b>Rolle</b> | <b>Merknad</b> |
|----------------------------------|--------------|--------------|----------------|
| Frank Stian Steinsland           | SO           | Medlem       | Forfall        |

| <b>Frammøtte varamedlemmer:</b> | <b>Parti</b> | <b>Rolle</b> | <b>Merknad</b>                  |
|---------------------------------|--------------|--------------|---------------------------------|
| Tom Kristian Imsland            | SO           | Varamedlem   | Vara for Frank Stian Steinsland |
| Sigrun Almelid Birkeland        | SO           | Varamedlem   | vara i sak 059/17               |

| <b>Frå administrasjonen:</b> | <b>Funksjon:</b> | <b>Rolle</b>   | <b>Merknad</b> |
|------------------------------|------------------|----------------|----------------|
| Jo Bjarte Tømmerbakke        | Rådmann          | Møtesekretær   |                |
| Magne Verpelstad             | kommunekasserar  | Administrasjon |                |
| Tone Selmer Skuggevik        | Teknisk sjef     | Administrasjon |                |

## Sakliste

| Saknr    | Tittel  |
|----------|---|
| 055/2017 | Godkjenning av innkalling og sakliste   |
| 056/2017 | Godkjenning av møtebok  |
| 057/2017 | Referatsaker  |
| 058/2017 | Orienteringssaker   |
| 059/2017 | Regulering av nytt bustadområde   |
| 060/2017 | Framlegg til vedtak - retningslinjer for kommunale vigslar i Modalen kommune. |
| 061/2017 | Betaling for kommunale tenester 2018  |
| 062/2017 | Budsjett og økonomiplan 2018-2021   |
| 063/2017 | Saksframlegg Nordhordland Biosfære  |
| 064/2017 | Framlegg møteplan vår 2018  |

**Notat frå møtet:**

055/2017: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent

---

056/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

057/2017: Referatsaker

Behandling:

Vedtak:  
Referatsaker vert tekne til orientering.

---

058/2017: Orienteringssaker

Behandling:  
Sigmund Vikane tok opp saka om Nordhordlandspakken. Han poengterte at Modalen sin del av pakken på ca 2 mill kr er for lite i forhold til behov og totalomfanget på alle prosjekta som er estimert til 1,8 mrd kroner.

Rådmannen tok opp spørsmål om alle politikarane ynskja å fornye abonnementet på Kommunal Rapport. Avisa kostar årleg 2750 kr pr abonnent. Politikarane som ynskjer å fortsetje å ha avisa melder dette tilbake til rådmannen. Politikarane ba om at det blir undersøkt kva digitale abonnement på avisa kostar i forhold til papirutgåva.

Kristin Nåmdal tok opp at kommunen bør reklamere for og kjøpe inn ein del eksemplar av den nye boka "Historia om sandnæringa i Modalen"

Arkitektfirmaet HRTB orienterte om revidert skisseprosjekt for nytt nærings- og tenestesenter, inkludert kostnadskalkyle på kr 63,4 mill ink mva. Det var ikkje lagt opp til drøftingar av saka på dette møtet, men det kom tilbakemeldingar på presentasjonen om at kostnadskalkylen var ein del høgare enn det ein var førebudd på. Formannskapet vil sjå vidare på saka på nyåret, og vurdere løysingar for å nedskalere bygget for å fram eit rimelegare alternativ.

Orienteringssakene vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

## 059/2017: Regulering av nytt bustadområde

Behandling:

Linda Neset, Kjetil Eikefet og Håvard Engeseth erklærte seg ugild i saka, i samsvar med tidlegare handsaming av same sak. Sigrun Almelid Birkeland kom inn som vara.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte kort om bakgrunn og tidlegare arbeid med same sak. Administrasjonen ynskjer politisk prioritering av kva område ein skal arbeide vidare med å utvikle til bustadforemål, både på kort og lang sikt. Ho introduserte plankonsulent Øystein Skofteland frå Norconsult, som var invitert til å vere for å kunne svare på spørsmål om planprosessar og konsekvensar av ulike val og prioriteringar undervegs. Skofteland var med på utarbeide kommuneplanen for 2015 - 2026, som vart vedteken i 2015, og kjenner såleis godt til dei fire alternative områda som er under vurdering. Han gjorde og rede for innhaldet i ein del plantekniske omgrep som vert nytta i slike saker.

Under diskusjonen vart det vurdert og diskutert fordelar og ulemper med dei ulike aktuelle områda. Anne Britt Almelid stilte spørsmål ved om ein mister Sæten som alternativt bustadområde på grunn av planane om campingplass der. Plankonsulenten svarta at kommunen kan regulere området til boligforemål dersom ynskjeleg, og at det kan være rom for både campingplass og boligar i området.

Kristin Nåmdal trakk fram at kommuneplanen for 2015 - 2026 er vedteken med eit forbehold om at det skraverte området i arealplanen skal regulerast med ein områdeplan eller reguleringsplan, og at det ikkje er teke stilling til kva føremål arealet skal nyttast til endå.

Ann-Jorunn Farestveit tok til orde for at det skraverte området i planen, merka til kombinert føremål, bør tilbakeførast til LNF område.

Sigmund Vikane fremma forslag om å utsetje saka, og formulerte framlegg til vedtak som vart teke til votering. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vert lagt opp til synfaring på alle fire områda når saka skal handsamast på nytt, og administrasjonen inviterer plankonsulent Øystein Skofteland til å vere med på møtet.

#### Vedtak:

Saka vert utsett.

Kommuneplan for 2015 - 2026 vert sett opp som tema på eit kommunestyremøte tidleg våren 2018.

Det vert vurdert om det skal utarbeidast ein områdereguleringsplan for Otterstad - Trohaug, evt ein reguleringsplan for Kleivane.

---

060/2017: Framlegg til vedtak - retningslinjer for kommunale vigslar i Modalen kommune.

#### Behandling:

Rådmannen orienterte kort om bakgrunn for saka, og innhaldet i rutiner og retningslinjer.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Modalen kommune vedtek framlegg til *retningslinjer for borgarleg vigsel* slik dei ligg føre.

---

061/2017: Betaling for kommunale tenester 2018

#### Behandling:

Rådmannen orienterte om framlegget til betalingsssatsane for kommunale tenester, med hovudvekt på auken i renovasjonsavgift og forslaget om å gå over til nasjonale maksimalsatsar for barnehage. Resten av betalingsssatsane for kommunale tenester er foreslått auka med 4% frå 2017 til 2018.

Under diskusjonen kom det tydeleg fram at kommunestyret ikkje ynskjer å auke betalingsssatsane for barnehage opp til nasjonale maksimalsatsar, då framlegget rammar småbarnsfamiliar for kraftig. Ulike løysingar og modellar vart drøfta.

Formannskapet ba i forrige møte administrasjonen berekne kva budsjettmessige konsekvensar deira vedtak har for 2018 samanlikna med rådmannen sitt framlegg til vedtak, i form av reduserte inntekter for kommunen. Rådmannen orienterte om at Formannskapet sitt vedtak medfører kr 85 000 i mindreinntekt samanlikna med rådmannen sitt framlegg. Av dette er kr 110 000 mindre inntekter frå foreldrebetaling i barnehage, medan ein får kr 25000 i meirinntekt ved å heve dei andre betalingsssatsane for kommunale tenester med 5% istadenfor 4%.

Ordføreren låg fram formannskapet sitt vedtak til votering. Samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Foreldrebetalinga for fulltids plass i barnehage vert auka frå 2100 kr i 2017 til 2300 kr i 2018. Alle dei andre betalingssatsane vert auka med 5% .

---

#### 062/2017: Budsjett og økonomiplan 2018-2021

##### Behandling:

Økonomisjef orienterte om rammer og føresetnader frå statsbudsjettet for budsjettet for 2018 og økonomiplan for 2018 - 2021. Dei frie inntektene for 2018 vil utgjere ca 45,3 mill, noko som er ein auke frå 2017 på 2,3%. Gjennomsnittleg løns- og prisvekst for 2018 er berekna til 2,6 %. Eigedomsskatten vil bli redusert frå 19,4 mill i 2017 til ca 16,1 mill i 2018, noko som gjev ein reduksjon på ca 3,3 mill. Den totale økonomiske ramma kommunen har til disposisjon for 2018 vil såleis vere redusert med ca 3,3 mill i forhold til 2017. Økonomisjefen ba om at det vart lagt eit tillegg på vedtaket frå formannskapet om at det skal utførast ny alminneleg taksering i 2018, då dette er naudsynt med dei endringane statsbudsjettet legg opp til i høve eigedomsskatt på verk og bruk frå 2019.

Dei første budsjettframlegga frå tenesteleiarane viste ein auke på ca 5 mill i forhold til budsjettet for 2017. Det var såleis eit gap på ca 8,3 mill som måtte salderast for å kome i hamn med neste års budsjett. Administrasjonen har arbeidd vidare i samarbeid med leiargruppa for å saldere budsjettet tilstrekkeleg. Innan fleire av tenestekområda/avdelingane er det lagt inn framlegg om stillingsreduksjonar med deleffekt i 2018, men med større heilårseffekt i 2019. Dette vil såleis gje konsekvensar for omfang og kvilitet på tenestene i åra som kjem. Detljert oversikt over kvart tenestekområde kjem fram i saksframlegget. Salderingane inneber stillingsreduksjonar som samla sett tilsvarer ca 5 årsverk.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om framlegget til investeringsbudsjett i økonomiplanperioden. Framlegget vart drøfta, og det vart gjort fleire endringar for å få totalsummen på investeringar for 2018 ned:

Oppgradering fellesareal Modalstunet vert redusert frå kr 1,8 mill til kr 1,5 mill, kjøretøy til vedlikehald av kunstgrasbana vert tatt ut av budsjettet, Tilrettelegging for bustadareal vert auka frå kr 250 000 til kr 430 000,

Digitalisering av eigedomsarkivet på teknisk etat vert auka frå kr 100 000 til kr 280 000, ny bil til uteseksjonen vert utsett til 2019.

Totalsummen for investeringar i 2018 vert kr 5 060 000.

Budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018 - 2021 vart samrøystes vedteke

Vedtak:

1. **Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2018-2021 vert vedteke slik det ligg føre, med dei endringane som vart gjort i møtet på investeringsbudsjettet**
2. **Eigedomsskatt 2018:**
  - a. For eigedomsskatteåret 2018 vert det skrivne ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
  - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
  - c. Eigedomsskatten for 2018 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
  - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
  - e. Det skal utførast ny alminneleg taksering i 2018
3. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 300 000 for 2018. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

---

063/2017: Saksframlegg Nordhordland Biosfære

Behandling:

Kari Natland frå NUI orienterte om bakgrunn og planlagt framdrift for biosfæreprosjektet. Sigmund Vikane trakk fram at dette er eit spennande prosjekt for Modalen, som kan vere med på å marknadsføre kommunen på ein god måte. Han sa vidare at det i prosjektet ligg eit stort turismepotensial for kommunen, samt at det er mogleg å knytte kontaktar både lokalt og nasjonalt, som kan gje god valuta for midlane kommunen bruker på prosjektet. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021. For Modalen vil kostnaden pr år vere om lag 6% av kr 600 000, estimert til ca kr 36 000.

Kostnadane til prosjektet vert finansiert frå Næringsfondet - utviklingsprosjekt

---

064/2017: Framlegg møteplan vår 2018

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
**Framlegg til møteplan for våren 2018 vert vedteke slik den ligg føre**

---